



LINDÅS KOMMUNE  
Felles postmottak Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Dato: 28.09.2016  
Vår ref.: 2016/8567-38  
Saksbehandlar: karvik\_  
Dykkar ref.:

Att. Nordhordland kursregion

## Tildeling av midlar til Den kulturelle skolesekken for skuleåret 2016 / 2017

Fordeling av spelemidlar til Den kulturelle skolesekken for skuleåret 2016/2017 vart handsama av leiar for Utval for kultur, idrett og regional utvikling (KIRU) på sommarfullmakt 22.08.16. Total tildeling på kr 17 402 270 vart vedteken fordelt slik:

- Tildeling til Bergen kommune: kr 4 945 878
- Tildeling til resten av kommunane: kr 3 213 886
- Tildeling til kursregionane: kr 250 000
- Kunst- og kulturformidling i grunn- og vidaregåande skule: kr 8 992 506 (Hordaland fylkeskommune sitt program.)

Kr 250 000 vert fordelt på dei 5 regionale arbeidsgruppene, med kr 50 000 til kvar region. Føremålet er å fremje regional prosjektutvikling som munnar ut i konkrete turnétilbod til skuleelevar i dei respektive kommunane. Det er ein føresetnad at dei regionalt samarbeidande kommunane vert samde om kva for prosjekt dei vil utvikle innanfor DKS-samarbeidet. Midlane skal ikkje gå til administrasjon, nettverkssamling eller kompetansehevingstiltak.

Private skular er rekna med i fordelinga av midlane.

### 1. Mål og prinsipp for Den kulturelle skolesekken

Overordna mål og prinsipp for Den kulturelle skolesekken er vedtatt i St.meld. nr. 38 (2002-2003) *Den kulturelle skolesekken* og St.meld. nr. 8 (2007-2008) *Kulturell skolesekke for framtida*.

Med utgangspunkt i departementale føringsdokument er det vedtatt følgjande hovudmål for arbeidet med Den kulturelle skolesekken i Hordaland:

- å medverke til at elevar i skulen får eit profesjonelt kunst- og kulturtildel;
- å legge til rette for at elevar i skulen lettare skal få tilgang til, gjere seg kjende med og få eit positivt forhold til kunst- og kulturuttrykk av alle slag;
- å medverke til å utvikle ei heilskapleg innlemming av kunstnarlege og kulturelle uttrykk i realiseringa av skulen sine læringsmål;
- å gje born oppleveling av kunst og styrke deira eiga skaparevne;
- å styrkje born si evne til å stille spørsmål, og stimulere til undring og kritisk vurdering.

## **2. Andre mål og føringer (jamfør tildelingsbrev frå Kulturdepartementet)**

Det er eit overordna mål å sikre at personar med nedsett funksjonsevne skal ha lik tilgang og høve til å delta i kulturlivet som andre, både som publikum og som aktive deltagarar. For å nå denne målsettinga bør omsynet til elevane sine ulike føresetnader og behov bli tatt med i planlegging, utforming og gjennomføring av Den kulturelle skolesekken.

Samiske kunst- og kulturuttrykk og samisk kulturarv skal vere ein integrert del av Den kulturelle skolesekken. I tiltak som inneber formidling av samisk kultur, bør kommunen ha kontakt med opplæringsavdelinga i Sametinget.

Det er eit mål å styrke både norsk språk generelt, nynorsk spesielt og eleven sin forståing av nordiske nabospråk. Dette bør verte spegla i tilboda elevane får i Den kulturelle skolesekken.

## **3. Vilkår for tildelinga**

Det er ein føresetnad for tildelinga at regionen leverer inn rapport på tiltaka i regionen sin regi. Manglande rapportering kan føre til bortfall av tildeling for neste skuleår. Hordaland fylkeskommune forenklar vilkåra for tildelinga, vi krev ikkje lenger rekneskap.

Frist:

- Rapport på tiltak for *kalenderåret 2016* skal sendast innan 1. februar 2017.

Tildelte midlar skal nyttast i tråd med måla og prinsippa for ordninga, og kan ikkje nyttast til administrasjon og kompetanseheving (turnélegging, nettverkssamlingar, kulturtorg og liknande).

Den kulturelle skolesekken skal vera eit tillegg til eksisterande satsingar på skule-, kunst- og kulturområdet, og ikkje erstatta noverande tiltak eller satsingar som vert finansierte med andre midlar. Midlane skal ikkje gå inn i ordinær skuleundervisning eller i allereie eksisterande skuletiltak.

Vi gjer merksam på at dersom regionen har overført spelemidlar direkte til grunnskulane, må regionen likevel rapportera etter dei premissane som vert gjort gjeldande i dette tildelingsbrevet.

### **Kontroll**

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har til ei kvar tid rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra for tildelinga. Regionen pliktar på førespurnad å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor alle opplysningar/dokument som dei finn naudsynt for sin kontroll og elles medverke til gjennomføringa av denne.

## **4. Spesifisering av tildelinga**

**Nordhordland kursregion** har fått tildelt **kr 50 000,-**.

## **5. Utbetaling**

*De vil få meir informasjon om utbetaling etter at vi har motteke rapport med rekneskap frå regionen for kalenderåret 2015.*

Ettersom førre kontakt ved Nordhordland kursregion er slutta, ønskjer vi kontaktinformasjon til den nye. Ta kontakt dersom noko er uklart.

Hordaland fylkeskommune ser fram til vidare samarbeid om DKS.

Per Morten Ekerhovd  
konst. fylkesdirektør kultur og idrett

Ronny Skaar  
utviklingssjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*